

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 08.11.2016
SAKSHANDSAMAR: Guro Mjanger
SAKA GJELD: **Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2012/3702
STYRESAK: **068/2016**

STYREMØTE: **16.12.2016**
18.11.2016 utsett

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orienteringa til vitande.

Oppsummering

Søknadar om eksterne midlar

Det har vore svært høg aktivitet knytt til søknadar om eksterne midlar i haust. Under kjem ei oversikt over søknadar som er sendt.

Helse Vest (HV): Fem søknadar vart sende frå Helse Førde til Helse Vest på dei årleg ope utlyste midlane med søknadsfrist i september.

- To søknadar om Phd-Stipend
- To søknadar om postdoc-stipend
- Ein søknad om fleirårig prosjekt

Norges Forskningsråd (NFR): To søknadar vart sende til to ulike utlysingar i Norges Forskningsråd i oktober. Tittel på begge søknadane er «NORSE: Building bridges between psyche and soma through personalized and dynamic mental health systems.». Christian Moltu (Psykisk helse og rus) er prosjektleiar.

Bergens forskingsstiftelse (BFS): Samarbeid om søknad om infrastrukturmidlar (instrument) knytt til metabolomics. Søknaden må utgå frå Helse Bergen eller Universitetet i Bergen, då det berre er desse to institusjonane som kan søkje BFS. Helse Førde er den tredje partnaren.

Kommersialisering av Norwegian Outcome Response System for Evaluation (NORSE)

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane har på vegne av Helse Førde arbeidd med å kommersialisere NORSE, som er eit klinisk tilbakemeldingssystem utvikla i psykisk helsevern. I desse dagar held ein på med sluttforhandlingar med eit amerikansk selskap som ønskjer å kjøpe rettar til å vidareutvikle konseptet i USA. Dette er det første innovasjons – og forskingsprosjektet i Helse Førde der ein har sett på moglegheitene for kommersialisering.

Nasjonale innovasjonsindikatorar

Det har vorte gjort eit nasjonalt arbeid der ein ser på moglegheiten for å gjere ei meir presis måling av innovasjonsaktiviteten i helseforetaka. Dette skal skje via innovasjonsindikatorar, der ein gir helseforetaka poeng og pengar i høve innovasjonsaktiviteten, på same måte som ein gjer i høve forskingsaktivitet. I haust vert det testa ut ein pilot i Helse Sør-Øst.

Statusrapport om forskning om innovasjon i Helse Førde

Det har vore svært stor søknadsaktivitet det siste halve året. Det er lagt ned betydelege ressursar i dette, og særleg har trykket på forskingsgruppeleiarane vore stort.

Når det gjeld søknadar til Helse Vest, har det vore ei stor utfordring dei siste åra at vi har hatt få nye søknadar. Det er såleis svært gledeleg at vi i år har fleire nye prosjekt. Tre av søknadane er knytt til forskingsgruppa folkehelse, livsstil og overvekt (FLO), og to søknadar er knytt til forskingsgruppa psykisk helse og rus (PHR). Det er søkt om to PhD-stipend, og to Postdoc-stipend. I tillegg har vi for første gong inne ein søknad om open prosjektstøtte til Helse Vest (tidlegare fleirårig prosjekt). Svar er venta i slutten av november.

Det har også blitt sendt to søknadar til Norges Forskingsråd denne hausten. Den eine søknaden var innan HELSEVEL (innovasjon i offentleg sektor), og den andre innan BEHANDLING (god og treffsikker diagnostikk, behandling og rehabilitering). Tittel på begge søknadane er «NORSE: Building bridges between psyche and soma through personalized and dynamic mental health systems.». Christian Moltu (forskningsgruppeleiar i PHR) er prosjektleiar. Søknadane er eit nært samarbeid mellom dei to strategiske forskingsgruppene i HFD. Samarbeid med m.a. UiB, Helse Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Førde kommune og St Olavs Hospital. Svar er venta i april 2017.

Moltu vil gi ei fagleg orientering om NORSE i styremøtet.

Bergen forskingsstiftelse (BFS) deler årleg ut pengar til forskingsprosjekt og infrastruktur m.a. innan helse. Dette er midlar som Helse Bergen og Universitetet i Bergen kan søke på. Helse Førde er i år ein sentral samarbeidspart i ein søknad som gjeld støtte til infrastruktur (ei avansert maskin) til bruk for avanserte metabolske blodprøveanalyser.

Søknadane til Norges Forskingsråd og Bergen Forskingsstiftelse er store søknadar der det er omsøkt frå ca. 10-15 mill kroner i kvar søknad. Kvalitetskrava i slike søknadar er store både når det gjeld innhald og formalkrav, og er på grensa av kva vi har støttesystem til. Dette er ei utfordring vi deler med dei andre mindre helseføretaka.

Innvilgingsprosent på utlysingane frå HV og NFR er som regel mellom 10 og 20%. Det må såleis forventast at dei aller fleste prosjekta må vidareutviklast og søkjast om fleire gongar.

Ny strategisk satsing i mindre foretak

Styret i Helse Vest vedtok i møte 20. juni 2016 (Sak 080/16) å øyremerke inntil 5. mill årleg i 3 år til ei satsing for å stimulere forskning i dei mindre helseføretaka og dei private ideelle institusjonane som har avtale med HV (forkorta til «dei mindre helseføretaka»). Satsinga skal dekkast innanfor den samla ramma som er stilt til disposisjon for Samarbeidsorganet i HV. Helseføretaka må stille med eigenfinansiering tilsvarande bidraget frå Helse Vest. Satsinga skal evaluerast etter 3 år. Evalueringa skal behandlast i HV styret etter behandling i det

regionale samarbeidsorganet, og i den sammenheng skal ein vurdere om satsinga skal vidareførast.

Vedtaket var knytt til ei sak der Styret i Helse Vest handsama ny forskingsstrategi for Det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest (HV), Universitetet i Bergen (UIB) og Universitetet i Stavanger (UiS). Styresaka peikar på at det er ei betydeleg utfordring at dei mindre helseføretaka i avgrensa grad når opp i konkurransen om dei ope utlyste forskingsmidlane i HV. Hovuddelen av forskingsmidlane i HV er ope utlyste, og styret i HV vil ikkje endre på dette. Styresaka frå HV nemner at det kjem relativt få søknadar frå dei mindre helseføretaka til desse midlane, og vidare at dette truleg heng saman med dei mindre helseføretaka sin eigen ressursbruk til forskning. Den nye satsinga skal utformast på ein ambisiøs og framtidsretta måte for at den skal kunne gje eit vesentleg bidrag når det kjem til å løyse helsetenestene sine utfordringar. Den skal altså utformast slik at dei mindre føretaka i større grad kan nå opp i konkurransen om dei ope utlyste midlane i HV og hos andre eksterne kjelder.

Utlysinga er konkurransebasert med vekt på vitenskapleg kvalitet og nytte, på linje med andre strategiske forskningssatsingar i HV. Dette inneber at dei mindre helseføretaka bør satse på dei sterkaste miljøa sine for å nå opp i konkurransen. Søknadsfrist er januar 2017, og strategiperioden vil vere 2017-2019.

På bakgrunn av dette vil det vere tenleg å bygge vidare på dei to strategiske satsingane vi allereie har. Sjølv med høg aktivitet og stor auke i publisering i dei to gruppene, kan ingen av dei seiast å vere robuste. Det vil difor vere klokt om dei to gruppene samarbeider om ein søknad. Eit mogleg samarbeid kan vere ein søknad som koplur psykisk helse og somatisk helse, inkludert metabolikk.

Helse Førde nytta i 2015 0,4% av det samla budsjettet til forskning. Dette utgjorde omlag 12 millionar kroner. Målet er å nytte 1% av det samla budsjettet til forskning innan 2020. Om vi gjennom den kommande utlysinga skulle få 1.5-2. mill kroner i strategiske midlar frå HV med tilsvarende eigenfinansiering, må ein likevel betydeleg opp i ressursbruken for å nå målet.

Helse Førde fekk ei svært god evaluering sist gong ein fekk tildelt midlar frå HV til ei eiga strategisk forskningssatsing i dei mindre føretaka (2009-2014). Erfaringar derifrå er difor viktige å ta med seg i arbeidet med den komande søknaden.

Innovasjon

Kommersialisering av NORSE

NORSE er eit elektronisk klinisk tilbakemeldingssystem som skal forbetre pasientbehandlinga i psykisk helsevern gjennom meir individualisert behandling og auka brukarmedverknad. Målet med NORSE er å kunne betre effekten av behandlinga generelt, og spesielt for sårbare

grupper. Prosjektet er ein del av den tematiske forskingssatsinga psykisk helse og rus i Helse Førde.

Tilbakemeldingssystemet har vekt merksemd både nasjonalt og internasjonalt, og Helse Førde er i desse dagar i sluttforhandlingar med eit amerikansk selskap om mogleg sal av rettar til å bruke systemet i USA. Det er Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane (KPSF) som på vegne av Helse Førde står for forhandlingane. KPSF har kyndig hjelp frå juristar i Bergen teknologioverføring (BTO), som er eit selskap som er eigd av mellom anna Helse Bergen, og har lang erfaring innan kommersialisering av forsking- og innovasjonsprosjekt.

Kommersialisering av forskings- og innovasjonsprosjekt for å danne grunnlag for næringsutvikling er eit sentralt mål i HelseOmsorg21. Om vi lukkast med dette gjennom NORSE er det ein milepæl for Helse Førde.

Nasjonale innovasjonsindikatorar

Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) har på oppdrag frå Helse og omsorgsdepartementet utarbeidd ein rapport som kjem med forslag til ein ny modell for måling og stimulering av innovasjon i helseforetaka.

Modellen legg til grunn at ein måler innovasjonsaktiviteten og gjev poeng på bakgrunn av kor langt i innovasjonsprosessen ideen har kome. Innovasjonsprosessen ser slik ut:



Poengskalaen er berre rettleiande, og skal testast ut i ein pilot i Helse Sør-Øst i haust.

I dag vert rapportering av innovasjonar gjort manuelt gjennom ei årleg rapportering. Den nye modellen legg til grunn at ein har eit felles nasjonalt system ein brukar for å arbeide meir systematisk med innovasjon, og for å rapportere. Modellen skal testast ut i Helse Sør-Øst.

Alle helseforetaka i Helse Vest har blitt testa på kva nivå ein låg på når det gjeld innovasjonsaktivitet og innovasjonskultur. Helse Førde er framleis på eit lågt modenheitsnivå.